



## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 22.04.2021

Klokka 10.00 – 12.00

Stad: Nettmøte

Til stades:

Eidfjord kommune:

Ordfører Anders Vatle

Kvam herad:

Ordfører Torgeir Næss - rådsordfører

Ullensvang kommune:

Ordfører Roald Aga Haug - rådsvaraordfører

Ulvik herad:

Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen

Rådmannsforum

Rådmann Anita Hesthamar

Hardangerrådet iks:

Styreleiar Jostein Ljones

Administrasjonen:

Dagleg leiar Jostein Eitrheim

#### Agenda:

10.00 - 12.00 Sakshandsaming

#### Innkalling og sakliste vart godkjent.

#### Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Hans Petter Thorbjørnsen

Roald Aga Haug

#### Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

#### HR-sak 16/21 Meldingar

Ingen meldingar utsendt

#### HR-sak 17/21 Støtteuttale til "Tett på" - Hardanger Fartøyvernsenter.

#### Vedtak:

Hardangerrådet vedtek framlagte støtteuttale vedr. prosjektet "Tett på" ved Hardanger fartøyvernsenter.

#### HR-sak 18/21 Felles regionalt regelverk vedr. spekkhoggarsafari i Hardangerfjorden.

#### Vedtak:

Hardangerrådet vedtek "Nasjonale retningslinjer for hvalsafari" som gjeldande for Hardangerfjorden. Næringsretta og privat båttaktivitet med føremål spekkhoggarsafari skal følgja dette regelverket.

- **Innspel vedr. ønske om at Hardangerrådet engasjerer seg i avgrensning av tal på oppdrettsanlegg i Hardangerfjorden og oppretting av "blå soner".**

Hardangerrådet viser til gjeldende kommunale arealplanar og kystsoneplanen ift. formell handsaming av søknader om nye konsesjonar for oppdrettsanlegg. I slike saker er dei ulike forvaltningsnivå avgjerande ift korleis høyringsuttaler, vedtak og evt. klage på vedtak skal handsamast. Det er Statsforvaltaren som har avgjerande mynde i slike saker. Sektormynde er delegert til m.a. mattilsynet.

Eit regionråd er ikkje eit forvaltningsnivå, men ein aktør som opptre på vegne av sine medlemskommunar i saker der kommunane ønskjer å opptre med ei felles stemme. I denne type saker vil det kunne vera ulike syn mellom kommunane. Det er difor ikkje ønskeleg å binda kommunane til ein samla plan for oppretting av "blå soner" for heile Hardangerfjorden.
- **Hardangerkonferansen 2021 - Oppstart førebuing eller avventing ift. smittesituasjonen framover?**

Hardangerrådet ber administrasjonen om å gjenoppta arbeidet i programstyret med plan om å gjennomføra Hardangerkonferansen som fysisk konferanse i Eidfjord 10. og 11. november 2021
- **Miljøfyrtårn Hardanger - Restart av regionalt prosjekt.**

Hardangerrådet ber administrasjonen undersøkje status for Miljøfyrtårnarbeidet i medlemskommunane og avklara interesse/gevinst av ei regional samordning av arbeidet vidare framover.
- **Regionråd - roller og samvirke i Vestland Digital halvdagskonferanse 5. mai 2021**

Fysisk konferanse 6. oktober 2021 - Påmelding  
Ein minner om desse konferansane og oppmodar kommunane om å prioritera desse og delta med ordførar og rådmann om det er mogeleg.
- **Samarbeid Hardanger-Sogn**

Ein sterkare fylkeskommune krev sterkare regionar. Samarbeid Hardanger-Sogn kan tenkjast på ulike nivå og ein ser føre seg ulike tematiske samarbeid for strukturelle endringar som t.d. samanslåing av regionråda til Indre Vestland regionråd. Hardangerrådet meiner at tema som lokal kraftutnytting, rammevilkår for industrien, reiselivsutvikling må prioriterast i eit samarbeid. Administrasjonen får i oppdrag, saman med adm. i Sogn regionråd å leggja fram ein plan for utvikling av samarbeidet. Denne planen vert lagt fram før neste fellesmøte med Sogn regionråd.
- **Koronasituasjonen i medlemskommunane**

Eidfjord:  
Situasjonen er heldigvis roleg. Kommunen har hatt eitt smittetilfelle  
Vaksinasjon går etter plan.  
Testing vert utført for alle som ønskjer.

Ulvik:

Følgjer nasjonale tiltak.

Det vert teke få testar no.

Noko uklart kva som gjeld ift. nasjonale reglar og omgrepet “anbefaling”

Kvam:

Ingen nye smittetilfelle siste veke.

53 tilfelle sidan påskeveka.

Fleire i karantene i korte periodar.

Testing i 2 vgs.

Kommunalt tilsette fortsatt på heimekontor

Fortsatt bruk av munnbind i butikkar o.l.

Ullensvang:

Ingen nye tilfelle siste dagar.

Totalt 50 smitta i siste utbrot, derav 3 som er fullvaksinerte.

Stor slitasje på arbeidsstokken i kommunen.

Ullensvang følgjer no nasjonale reglar.

**Møteboka godkjent 22.04.2021**

Torgeir Næss  
Rådsordfører

Rådsmedlem  
Hans Petter Thorbjørnsen

Rådsvaraordfører  
Roald Aga Haug